

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

ÅRSMELDING OM ARBEIDET I RMF I 2018

RMF sine medlemmer 2018 m/personlege varamedlemmer vart vald for 4 år av kommunestyret 25.11.2015.

Medlemmer		Personlege varamedlemmer
Anne-Berit Kolås	SAFO	1. Tore Eugen Hansen 2. Reidun Grønhaug
Åshild Aamli	NFU	1. Arvid Sakseide 2. Elise Bastesen Dale
Anne Marie Skurtveit	LHL	1. Anne Britt Hopland 2. Gunn Krokeide
Beate Eknes	ULK	1. Leif Johnsen 2. Thomas Wallen
Henriette Fennelly	UDU	1. Magnar Hellen 2. Bente Sagstad

Første møtet i RMF var 09.12.15. På dette møtet vart Anne-Berit Kolås vald som leiar og Åshild Aamli vald som nestleiar.

Anne-Berit Kolås flytta ut av Meland kommune 08.08.18. Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke i kommunestyret 12.09.18.

Vedtaket: Kommunestyret gjer slikt suppleringsval til råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Som ny leiar vert vald: Åshild Aamli

Som ny nestleiar vert vald: Tore Eugen Hansen

Som ny 2. vara vert vald: Christine Andersen

Funksjonstida gjeld for valperioden.

I 2018 hadde RMF 6 møte.

RMF har handsama 21 saker i tillegg til godkjenning av innkalling/sakliste, møtebok, skriv og meldingar og aktuelle saker:

Plansaker RMF har fått til uttale:

1. Varsel om planoppstart og høyring av planprogram Langelandskogen områdeplan
Orienteringa vert teken til vitande med føresetnad om deltaking i vidare arbeid med planen.

2. Stadfesting av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema

Orienteringa vert teken til vitande.

Rådet ønskjer deltaking og meir informasjon i forkant av 1. gongs handsaming av planforslaga i Formannskapet i september 2018.

3. Varsel om oppstart av planarbeid - utviding Meland gravplass

Rådet føreset at ein legg inn i planen korleis alle kan delta i eit gravfølgje. Rådet ønskjer å få saka til handsaming før ho skal til handsaming i UDU, slik mandatet til rådet seier.

4. Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ryland - B11/B15

Rådet forutset at heile området blir utbygd i tråd med prinsippa om universell utforming. Vedtaket vert samrøystes vedteke.

5. Oppstart av områderegulering Dalstø - Mjåtveitstø - offentleg ettersyn og høyring

Orienteringa vert teken til vitande.

6. Høyring - Kunngjering av reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, offentleg ettersyn og høyring

Orienteringa vert teken til vitande. Rådet går ut fra at det vert teke omsyn til HC-parkering og tilkomst til terminalen og at universell utforming vert teke hand om.

7. Varsel om oppstart av planarbeid - utviding Meland gravplass

Orienteringa vert teken til vitande.

8. Offentleg ettersyn og høyring - Reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal

Rådet tek orienteringa til vitande og ber om at det vert teken omsyn til universell utforming i tilkomst til Storavatnet.

Saker RMF har fått til uttale:

1. Ny innbyggjarportal for Meland kommune

Rådet ber om at det bør være mogleg å endra skriftstørrelse på fremsida av heimesida og at det vert lite biletbuk, men at dei bileta som vert brukt har ein forklarande tekst.

2. Uttale politisk styringsstruktur for Alver kommune

Val og samansetting:

Rådet skal ha 9 medlemmer. Av desse skal 3 veljast frå kommunestyret, ein medlem frå kvart av utvala (utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg og utval for areal, plan og miljø) og 6 etter framlegg frå interesseorganisasjonane. Leiar og nestleiar bør veljast blant medlemmane frå organisasjonane. Rådet blir vald av kommunestyret, som og vel leiar og nestleiar.

Mandat:

Rådet skal ha følgjande mandat:

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Meland Kommune

1. Rådet skal arbeide for å sikre at FN- konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne og Diskriminerings- og tilgjengelova blir etterlevd i kommunen.
2. Rådet skal handsame saker som er viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Særleg viktige saksområde er tilkomst/universell utforming, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester retta mot denne gruppa.
3. Rådet skal elles kunne ta opp tilhøve innanfor plan- og bygningssektoren, samferdsle, barnehage, skule, kultur, idrett, friluftsliv, helse og pleie- og omsorgstenestene.
4. Rådet skal ta del i og kan gi uttale til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.
5. Rådet skal ta del i og kan gi uttale til kommuneplan, kommunedelplanar og verksemdsplanar innan dei områda som er lista opp under punkt 2 i mandatet.
6. For å sikre best mogleg medverknad, må rådet kome inn i prosessane på eit tidleg tidspunkt, også når det ligg føre alternative måtar å gå vidare på.
7. Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.
8. Rådet skal legge fram melding om verksemda kvart år. Denne skal leggest fram for kommunestyret.

3. Framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande.

Saker RMF har teke opp på eige initiativ

1. Krav om universell utforming ved tildeling av servering- og skjenkeløyve

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at Kommunestyret skjerper inn krav om universell utforming med tanke på skjenke- og serveringsløyve slik at stadene vert universelt utforma. Rådet ber om at det vert vidareført i Alver kommune.

2. Oppfølging av SFO-tilbod til barn med funksjonsnedsettelse etter 4. klasse

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber Meland kommune følgje opp stortingsvedtaket om SFO-tilbod for funksjonsnedsettelse etter 4. klasse.

3. Offentleg toalett Frekhaug senter

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har tidlegare peika på manglande skilting til offentlig toalett i Frekhaug senter. Skiltinga er no på plass. I seinare tid er det komme kodelås til toalettet. Rådet meiner dette gjer toalettet mindre tilgjengeleg. Rådet ber Frekhaug senterforening fjerne kodelåsen, slik at toalettet blir lett tilgjengeleg for alle.

4. Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

RMF tek orienteringa til vitande.

5. Brukarmedverknad ved overgang til Alver kommune

Rådet bed om å takast med i prosessen rundt sammenslåinga og brukarmedverknad mot Alver kommune.

Deltaking på kurs og konferanser

Anne Marie Skurtveit deltok på konferanse om velferdsteknologi 6. november 2018

Innkalling og sakspapir har vorte sendt den lokale pressa, biblioteka, ordførar og rådmann. Møtebok frå møta vert sendt dei same, samt sekretær for Utval for leverkår og Utval for drift og utvikling.

RMF har hatt møte der tilsette i administrasjonen har orientert om følgjande:

- Samfunnsplanleggjar Kristin Nåmdal var i møte for å orientere om varsel om planoppstart og høyring av planprogram Langelandskogen områdeplan.
- Samfunnsplanleggjar Kristin Nåmdal var i møte for å orientere om stadfesting av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema.
- Kjersti Subba frå Asplan Viak var i møte for å orientere om varsel om oppstart av planarbeid - utviding av Meland gravplass.
- Anette Fredriksen som er webredaktør i Meland kommune heldt ein presentasjon i møte om den nye innbyggjarportalen/ ny heimeside for Meland kommune.
- Konsulent private planar Ingrid Raniseth var i møte for å orientera om varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ryland.
- Konsulent private planar Ingrid Raniseth var i møte for å orientera om oppstart av områderegulering Daltsø - Mjåtveitstø - offentleg ettersyn og høyring.
- Konsulent private planar Merethe Tvedt var i møte for å orientera om reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy.
- Rune Tuft frå Asplan Viak var i møte saman med kyrkjeverje Anne Sofie Nergård Uthaug for å orientere om varsel om oppstart av planarbeid - utviding Meland gravplass. Saken vert teken opp att når den kjem ut på offentleg høyring og ettersyn.
- Prosjektrådgjevar Berit M. Eskeland var i møte for å orientera om reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal.
- Leiar for Meland heimeteneste Britt Romarheim var i møte for å orientera om ståa rundt brukerstyrt personleg assistent i Meland kommune.
- Personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen var i møte for å orientere om framlegg til budsjett 2019 i eit sammøte med Eldrerådet og Ungdomsrådet.
- Leiar for Meland heimeteneste Britt Romarheim var i møte i sak 45/2018 - Brukarmedverknad ved overgang til Alver kommune

I Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.2005 står det m.a.:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for kommunen. Alle dokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar saker. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha til handsaming alle saker som gjeld levevilkår for menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sine oppgåver:

I odelstingsproposisjonen vert det nemnd ein del sakstypar som råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha til handsaming. Dette gjeld m.a. økonomiplan og kommuneplan - tiltak og planar i helse- og sosialsektoren - bustadprogram og reguleringsplanar - samferdselssaker og kommunikasjonsplanar - kulturelle og andre kommunale tiltak som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit partipolitisk uavhengig råd, som arbeider på tvers av partigrensene.

Rådet skal vere orientert om levevilkåra for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen og følgja med at saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine interesser vert ivaretatt på ein god måte.

*Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kommunalavdelingane, råd og utval er vakne for kva saker som gjeld "**levvilkåra for menneske med nedsett funksjonsevne**", slik at rådet får sakene **før** det vert gjort endeleg vedtak.*

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Meland Kommune

1. Rådet skal arbeide for å sikre at FN konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne og Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven blir etterlevd i kommunen.
2. Rådet skal handsame saker som er viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Særleg viktige saksområde er tilkomst/universell utforming, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for denne gruppa.
3. Rådet skal elles kunne ta opp tilhøve innanfor plan- og bygningssektoren, samferdsel, barnehage, skule, kultur, idrett, friluftsliv, helse og pleie- og omsorgstenestene.
4. Rådet skal ta del i og kan gi uttale til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.
5. Rådet skal ta del i og kan gi uttale til kommuneplan, kommunedelplanar og verksemdsplanar innan dei områda som er lista opp under punkt 2 i mandatet.
6. For å sikre best mulig medverknad, må rådet kome inn i prosessane på eit tidleg tidspunkt , også når det ligg føre alternative måtar å gå vidare på.
7. Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.
8. Rådet skal leggje fram melding om verksemda kvart år. Denne skal leggjast fram for kommunestyret.

Frekhaug 06.02.2018

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Åshild Aamli
Leiar

Anette Tangen Fredriksen
Sekretær